



ULLENSVANG KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON
ODDA
Opheimsgata 31 (JE)
5750 Odda

Sakshandsamar:

Anette Heggøy

Rapport frå inspeksjon ved Håra og Seljestad reinseanlegg i Ullensvang kommune

Kontrollnummer: 2021.170.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Ole Jørgen Jondahl, rådmann
Anton Langeland, kommunalsjef teknikk & miljø
Torgeir Lutro, driftsoperatør Seljestad og Håra RA
Gunnvor Dagestad, verksemdleiar avd. VA

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Anette Heggøy, overingeniør
Britt Solheim, senioringeniør

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Håra og Seljestad reinseanlegg den 14.09.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg, dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 3 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Håra og Seljestad reinseanlegg oppnår ikkje reinsekraft i løyvet
- Kommunen varslar ikkje Statsforvaltaren ved overskriding av reinsekraft med 100%
- Resultat frå gjennomført resipientovervakinga vert ikkje rapportert til Statsforvaltaren

Merknader:

- Avvikshandteringa i kommunen kan betrast
- Miljøriskovurderinga for avløpsanlegga er ikkje oppdatert
- Kommunen si oversikt over leidningsnettet kan bli betre

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Britt Solheim
senioringeniør

Anette Heggøy
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ULLENSVANG KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON ODDA	
Organisasjonsnr.: 974615002	Eigd av: 920500633
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

Kontrollert eining

Namn: Håra og Seljestad reinseanlegg	Anleggsnr.: 4618.0052.01
Kommune: Ullensvang	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 13. juni 2008	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollera om gjeldande krav som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova blir etterlevd. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin landsdekkande tilsynsaksjon for avløp i 2021. Inspeksjonen gjeld alle kommunale avløpsanlegg som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14. I Ullensvang kommune er avløpsanlegga Håra og Seljestad omfatta av dette regelverket. Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Organisering av avløp i kommunen
- Planar og styringsdokument
- Drift og vedlikehald
- Utsleppskontroll
- Overløp
- Risikovurdering
- Avvikshandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Ullensvang kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Ullensvang kommune innan 31. desember 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, eventuelt ein plan som visar korleis ein vil rette avvika.

Vi ber også om at verksemda sender ei kort utgreiing om korleis merknad 2 om miljørisikovurdering er vurdert, eventuelt korleis merknaden vil bli følgt opp.

Vi ber om at de stilar svarbrevet eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Anette Heggøy.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 5. juli 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Ullensvang kommune betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Håra og Seljestad reinseanlegg oppnår ikkje reinsekrav i løyvet

Avvik frå:

- Utsleppsløyve for Seljestad reinseanlegg av 13.juni 2008, punkt 2.5
- Utsleppsløyve for Håra reinseanlegg av 13.juni 2008, punkt 2.5
- Forureiningsforskrifta kapittel § 14-7

Kommentar til regelverket:

Håra og Seljestad reinseanlegg har utslepp til normalt område jf. forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 1 punkt 1.2, og er dermed omfatta av reinsekrava i forureiningsforskrifta § 14-7. Avløpsvatnet frå reinseanlegga skal gjennomgå fosforfjerning og sekundærreinsing før utslepp.

Avviket er basert på følgjande:

Kommunen oppnådde ikkje reinsekrava for Håra og Seljestad reinseanlegg i 2020 og har også i 2021 utfordringar med å nå reinsekrava. Kommunen har også hatt utfordringar med å nå reinsekrava tidlegare år (2018 og 2019). Avvika gjeld både krav til sekundærreinsing og til fosforfjerning.

Avvik 2

Kommunen varslar ikkje Statsforvaltaren ved overskriding av reinsekrav med 100%

Avvik frå:

- Utsleppsløyve for Seljestad reinseanlegg av 13.juni 2008, punkt 2.9
- Utsleppsløyve for Håra reinseanlegg av 13.juni 2008, punkt 2.9
- Forureiningsforskrifta kapittel § 14-14

Kommentar til regelverket:

I følgje utsleppsløyva punkt 2.9 og forureiningsforskrifta § 14-4 skal den ansvarlege for avløpsanlegga snarast varsle Statsforvaltaren dersom utsleppa frå reinseanlegget er overskride med 100% av det reinsekrava tilseier.

Avviket er basert på følgjande:

Ullensvang kommune har hatt tilfelle både ved Håra og Seljestad reinseanlegg der reinsekrava har blitt overskride med 100% utan at dette har blitt varsla til Statsforvaltaren. Eksempelvis har Håra reinseanlegg hatt to prøverundar i 2021 der konsentrasjonskravet både for KOF og BOF har blitt overskride med 100%. Seljestad reinseanlegg har hatt overskridingar av konsentrasjonskravet for KOF med 100% i to prøvar i 2021 (status per juli 2021).

På tilsynet vart det stilt spørsmål om kravet til varsling både gjeld konsentrasjonskrav og reinseeffektkrav eller om det berre gjeld konsentrasjonskrava i løyve og forskrift. Statsforvaltaren vil kome tilbake til kommunen med rettleiing på dette.

Avvik 3

Resultat frå gjennomført resipientovervakinga vert ikkje rapportert til Statsforvaltaren

Avvik frå:

- Utsleppsløyve for Seljestad reinseanlegg av 13.juni 2008, punkt 3
- Utsleppsløyve for Håra reinseanlegg av 13.juni 2008, punkt 3

Kommentar til regelverket:

I følgje utsleppsløyvet til Seljestad punkt 3 skal kommunen gjennomføre resipientgransking av Storelva. Utsleppsløyvet for Håra punkt 3 stiller krav til overvaking av Røldalsvatnet. Resultat frå overvakinga skal rapporterast til Statsforvaltaren.

Avviket er basert på følgjande:

Ullensvang kommune har gjennomført årleg resipientovervaking i aktuelle resipientar. Resultat frå overvakinga har blitt registrert i Miljødirektoratet sin database Vannmiljø. Resultata har ikkje blitt rapportert til Statsforvaltaren. Resultata kan leverast som ein enkel rapport som vedlegg til eigenkontrollrapporteringa som kommunen utfører for avløpsanlegga kvart år.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Avvikshandteringa i kommunen kan betrast

Kommentarar:

Verksemnda nyttar i dag eit papirbasert system for avvikshandtering på avløpsområdet. Avvik frå reinsekrav vert systematisert av laboratoriet i excelark. System og rutinar for avvikshandtering når det gjeld ytre miljø og avløpsområdet synes ikkje å vere optimale og det bør vurderast å gjere forbetringar av dette.

Merknad 2

Miljørisikovurderinga for avløpsanlegga er ikkje oppdatert

Kommentarar:

I utsleppsløyva til Håra og Seljestad reinseanlegg punkt 5.5 står det at kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert. Kommunen plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar knyta til drifta av avløpsanlegget som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Ullensvang kommune (tidlegare Odda kommune) utarbeida ein ROS-

analyse for dei aktuelle avløpsanlegga i 2011. Risikoanalysen har ikkje blitt oppdatert sidan då.

Merknad 3

Kommunen si oversikt over leidningsnett kan bli betre

Kommentarar:

Kommunen kunne ikkje leggje fram tal på faktisk fornyingstakt på avløpsnett i kommunen. Siste skriftlege vurdering av fornyingsbehov når det gjeld leidningsnett er gitt i kommunedelplan for avløp frå 2011. I same plan er det satt ei målsetting om ei utskiftingstakt på minimum 1 % av leidningslengda per år.

Ullensvang kommune har ikkje rekna på verknadsgraden til avløpsnett til Seljestad og Håra reinseanlegg. Verknadsgraden for leidningsnett er eit tal på kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget og ikkje går tapt på vegen via lekkasjar og overløp.

I gjeldande løyve er det ikkje eit krav om utrekning av verknadsgrad for leidningsnett, men i nytt revidert løyve vil dette bli eit krav. Nytt løyve vil også omfatte meir detaljerte krav om oversikt og vedlikehald av leidningsnett, mellom anna i form av krav om ein tiltaksplan for fornying av avløpsnett og talfesta krav til verknadsgrad.

8. Andre tilhøve

Om kommunens overordna styring og planlegging

Hovudfokus for tilsynet var denne gongen å kontrollere at kommunane tar sitt ansvar for at avløpsanlegga inklusive leidningsnett er innretta i tråd med regelverk og gjeldande løyve. Hovudmålet for aksjonen var ansvarleggjering av kommuneleinga og i mindre grad tekniske krav til reinseanlegga.

Ullensvang kommune viste på tilsynet at dei har gode system og rutinar for dialog og samhandling på tvers i organisasjonen, mellom anna i form av faste møter, månadsrapportar til rådmannen og kvartalsrapportar til kommunestyret.

VA-etaten deltek i alle forprosjekt for nye reguleringsplanar, og det er stilt krav om søknad og godkjenning av påslepp frå VA-etaten før byggesak vert handsama. Ein ny VA-norm er også snart på plass. Kommunen arbeider framleis med å betre samarbeidet mellom VA-drift og plan og byggesak som i den nye kommunen har blitt plassert i ulike sektorar.

Kommunen har tilstrekkelege investeringsbudsjett på VA-området, men organisasjonen er noko underbemanna. Kommunestyret har vedtatt ein plan om tilsetting av ein ny person kvart år på dette feltet dei neste 4 åra.

Internkontroll

Kommunen har ein del attståande arbeid med å tilpassa internkontrollen til den nye samanslåtte kommunen (tidlegare Odda kommune og Ullensvang herad). Det står mellom anna att arbeid med å implementere nytt felles drifts- og vedlikehaldsprogram for avløpsanlegga (Facilit), nytt avvikssystem (Compilo), oppdatere miljørisikovurderinga og få på plass ein ny heilskapleg plan for avløpsarbeidet i kommunen (hovudplan avløp). Mange av desse prosessane er i gang.

Planar

Gjeldande hovudplanar inntil vidare omfattar følgjande:

- Odda kommune. Hovedplan overvann 2020-2031
- Odda kommune. Kommunedelplan for avløp 2011-2022
- Ullensvang herad. Hovudplan avlaup og vassmiljø 2019-2030

Handlingsplanen i hovudplan for avløp har blitt oppdatert årleg og legg grunnlaget for kommunens økonomiplan for avløpsområdet.

Ny kommuneplan er under utarbeiding. Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteken våren 2021 og arbeidet med arealdelen er starta. I samband med dette vil det også utarbeidast ein ny kommunedelplan for avløp. Kommuneplanens arealdel vil truleg handsamast av kommunestyret i starten av 2023.

Driftsoptimaliseringsprosjekt

Kommuneleiinga har kjennskap til utfordringane ein har med å nå reinsekrava på Seljestad og Håra. For å løyse utfordringane med å oppnå reinsekrava for reinseanlegga har kommunen engasjert konsultentselskapet COWI for assistanse, og det er starta opp eit optimaliseringsprosjekt for begge reinseanlegga.

I samband med driftsoptimaliseringsprosjektet vert det også jobba med å få betre oversikt over leidningsnettlet oppstrøms reinseanlegga for å redusere mengda framandvatn inn til reinseanlegga.

Resipientovervaking

Plassering av prøvepunkta som vert nytta til resipientovervaking for reinseanlegga vart gjennomgått på tilsynet.

Utslepp frå Håra reinseanlegg vert overvaka i to prøvepunkt i Røldalsvatnet – ved land like nord for Håraelva sitt utløp (punkt 25 Håra) og ved utløpet av Røldalsvatnet (punkt 26 Utløp Røldalsvatnet).

Utslepp frå Seljestad reinseanlegg vert overvaka gjennom eit prøvepunkt eit stykke oppstrøms reinseanlegget lokalisert oppstrøms alle hyttene på Korlevoll (punkt 23 Histeinselva) og like nedstrøms reinseanlegget (punkt 24 Seljestad). Det er ikkje tatt prøvar av Løyningselva frå Løyningsvatnet som renn saman med Histeinselva like før reinseanlegget. Prøvepunkta som vert nytta ser ut til å fungere bra. Statsforvaltaren gjorde likevel kommunen merksam på at eit prøvepunkt som ligg såpass langt oppstrøms reinseanlegget vil gje mindre spesifikk informasjon om korleis utsleppet frå sjølve reinseanlegget påverkar elva. Utan eit prøvepunkt plassert like oppstrøms reinseanlegget vil ein ikkje kunne skilje

miljøpåverknad frå reinseanlegget frå eventuell annan påverknad på strekninga mellom punkt 23 og reinseanlegget. Eventuelle tilførslar frå Løyningseelva vil heller ikkje kunne skiljast ut.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvalteren

Framlagt dokumentasjon som vart nytta for å verifisera faktiske tilhøve:

- Analyseresultat frå reinseanlegga 2021
- Resultat frå resipientovervaking tom 2020
- Prøvetakingsplan 2021
- Oversikt over avvik frå reinsekrav 2021
- Beskriving av reinseanlegg inkludert driftsinstruks for reinseanlegga
- Rapportar og referat frå driftsoptimaliseringsprosjektet 2021
- Hovudplan avlaup Ullensvang herad 2019-2030
- Hovedplan overvann Odda kommune 2020-2031
- Kommunedelplan Avløp Odda kommune 2011-2022
- ROS Avløp Håra og Seljestad 2011
- Ulike rutinar og dokument frå kommunen sitt internkontrollsystem
- Organisasjonskart